



# Bjørgum

Årsmelding for Bjørgum Bygdekinnelag november 2020 – november 2021.

Laget har hatt 7 styremøter denne perioden.

På første styremøtet vart styret konstituert slik :

Leiar: Liv Kolskår

Nestleiar: Kari Agerlie

Kasserar: Bjørg Agersborg Grønås

Skrivar: Kari Tesdal

Studieiar: Aase Ekrheim

Ansvarleg for laget si heimeside: Randi Margrethe Bjørke

Varamedlem: 1. Brynhild Tennebekk Bjørke 2. Randi Flatabø Opheim 3. Berit Klyve

Det vart endring i styret i starten av året, då Kari Agerlie ba om fritak for nestleiar vervet.

Fyrste varamedlem Brynhild Tennebekk Bjørke tok vervet til neste årsmøte/valg.

Styremøta har omfatta utarbeiding av årsplan, planlegging av lagsmøter og kva tema som skal vera på kvart møte. Planlegging av kurs og aktivitetar i laget. Styret har eiga messenger gruppe som har vore flittig i bruk.

Bjørgum Bygdekinnelag (BBK) er på sosiale mediar som Facebook, Instagram og messengergruppe for alle medlemmene. Laget har og ei heimeside som er å finna på

**Bygdekinnelaget.no**

All informasjon går igjennom desse mediane. Dei medlemane som ikkje er på sosiale mediar får info tilsendt.

Informasjon om kurs, møter og aktivitet i laget, vert lagt ut både før og etter gjennomføring.

Aktivitetar som laget står for er opne for alle.

Laget har i dag 71 medlemmar.

Alle møter vert haldne i Solheim Ungdomshus.

Adventsmøte og joleaktivitetsmøte som var sett opp på årsplanen for 2020, måtte dessverre avlysast pga pandemien.

**10 desember 2020** var det livesendig på FLOR, butikken til Kristin Lemme. Bjørgum Bygdekinnelag stillte med avtroppande leiar Liv Spilde og påtroppande leiar Liv Kolskår. Dei vart utstyrt i Flor sin arbeidskjole og stod å steikte nordlandslefser.

Det har vore kurs/lagsmøte i 2021.

Vi har fått gjennomført aktivitetar på vårparten som har vore gjennomført ute med retningslinjer ifrå FHI.

**2.Mars** starta vi bygdekvinnene året med ein tur ut i naturen til gapahauken på Stora Demmo. Dette var eit ledd i NBK (Norges Bygdekvinne) sine verveveker, og vi i BBK yngste å setja sitt preg på det. Me møttest ute i sosialt samvær rund bålpanna i solnedgangen. Betasuppe, lappar og kaffi vart servert og praten gjekk av seg sjølv. Laget fekk to nye medlemmar denne kvelden.

**19. April** hadde vi medlemstur/møte til Stora Demmo for å læra å pakka tursekken og enkel mat å laga ute i naturen på primus. Hildegunn Frøland som er ei erfaren «turdame» kom med gode råd og tips. Både av pakking av dagstursekk, og kva ein treng i sekken til overnattingstur.

Vi runda av kvelden med lappar og kaffi, og ikkje minst den gode praten mange sakna under pandemien. Sola var med oss og småfuglane kvitra i skogen. Nett slik ein vårveld skal vera.

**18. og 20 Mai** hadde vi kurs i kart og kompass.

BBK hadde kurs i bruk av kart og kompass som gjekk over to kveldar. Fyrste kvelden hadde me teori i Solheim, andre kvelden møttest me på Fennastølane for praksisdelen. Kurshaldar var Bjarne Fosse frå Voss Utferdsdag.

Kurset var sponsa av BBK og Sport 1. Kurset vart difor gratis.

Kurset var både lærerikt og oppfriskande for mange som hadde vore «borti dette i yngre år»

**11. September** Bygdekvinnesteif til Agatunet.

Fire bygdekvinner frå BBK hadde ein flott og lærerik tur til Aga og Nå. På Aga vitja dei Agatunet. Etterpå bar det til Aga Sideri med smaksprøvar og info om sideriet. So bar det det vidare til Nå, der det vart servert god mat og drikke i Siderhuset Ola K.

**05. Oktober** medlemsmøte i Solheim.

Stine Eide hadde eit spennande føredrag om korleis ho lagar bileta sine frå ide til ferdig arbeid. Ho kunne bruke fleire månader på å få det slik ho ville ha det. Ho hadde med seg bilete frå galleriet sitt som me fekk sjå og kunne kjøpast om ein yngste det.

Etterpå var matøkt og loddsalg.

20 medlemmar tok turen til Solheim denne kvelden.

### **Avisinnlegg.**

Laget har hatt fire innlegg i lokalavisa Hordaland dette året under «Ordet Fritt» i høve Stortingsvalget 2021.

14.08 Jordvern

21.08 Frivilligheita sin betydning, nei til skatt på frivillig innsats

28.08 Høghastigheitsbreiband til alle, må løyva meir pengar til dette

09.09 Skulemat, god næring gjev god læring

## **Dugnad.**

Smalahovesleppet har alltid vore ein kjekk og innbringande aktivitet. På grunn av koronapandemien vart det også dette året torgdag i staden for slepp.

Medlemane i laget hadde dugnad og baka flatbrød, krotakaker og nordlandslefser for salg. Dugnadsbakinga føregjekk heime hjå medlemane, åleine eller fleire ilag.

Laget hadde stand på Vangen på torgdagen.

Nesten alt vart selt ut. 87 pk. nordlandslefser, 49 pk. flatbrød og 67 pk. krotaker.

Vi hadde igjen 5 pk. krotakaker når vi avslutta torgdagen.

Me selde og Tradisjonsmatheftet vårt.

## **Solheim Ungdomshus**

Ungdomshuset fyller 100 år og fekk nytt tak i 2021, ein stor dugnad vart gjennomført av grendafolket.

BBK nyttar seg av Solheim som møtelokale og ynskte med det å hjelpe til. Vasking av skiferheller vart utført av 21 driftige damer, 2 karar stillte opp for laget. Kan nemnast at ca. 10 000 heller vart vaska.

Då alle hellene var komne på att, måtte det ein dugnad til for å vaska. Mykje støv og «skit» i alle krokar og krikar etter det omfattande arbeidet.

## **Undergruppene.**

Kveldsturane.

Kveldsturane kom i gang i mai. Det vart gjennomført 6 turar vår og 6 turar haust.

Sommarturgruppa.

Oppsett sommartur vart diverre avlyst. Komiteen hadde planlagt ein kjekk tur med håp om at det var mogeleg å gjennomføre, men dei nasjonale anbefalingane ifrå FHI sette ein stoppar for turen. Komiteen utset turen til neste år.

Bakegruppa.

Bakegruppa har ikkje hatt kurs iløpet av første halvår, men på haustparten byrjar dei så smått å koma i aktivitet. Korona-pandemien har sleppt taket, og ting byrjar å normalisera seg.

Fyrste og einaste kurset var 23.oktober, med baking av kling i kjellaren i Solheim.

**07.05** var ein liten gjeng ifrå BBK var med å markerere bondeopprøret. Det var brot i jorbruksforhandlingane, og me ynkste difor å støtta bøndene. Norsk matproduksjon er viktigare enn nokon gong.

## **Songkor**

Norges Bygdekvinnelag (NBK) og Bygdeungdomslaget trøng hjelp til å syngja ei helsing til Norges Bondelag sitt 125 års jubileum.

5 sporty damer stile opp og song fyrste verset av «Plommer i Hardanger». Etter litt øving, vart songen framført og filma.

## **03.10 Pynting av Vangskyrkja til hausttakkegudstjeneste.**

I år var det BBK sin tur å pynta kyrkja, og 8 damer pynta med lyng, frukt, grønsaker og haustfargar.

## **Prosjekt.**

Laget fekk støtte til prosjekt i 2020 frå NBK som retta seg mot ungdom og tradisjonsmat. Prosjektet heldt fram i 2021. Laget samarbeider med Lystig 4H. Ungommane lærer kor maten kjem ifrå «frå jord til bord»

Dei har bla. vore med på slakting av gris, baking av krotakaker, flatbrød og brimlefsa, hermetisering av plommer, safting og sylting. Siste samling skal vera bygdekafe i Solheim.

## **Utsendingar.**

Bjørg og Liv K var på årsmøtet til Voss Folkeakademi.

## **Fylkesårsmøte.**

Her kunne me dverre ikkje møtast fysisk, men årsmøtet vart gjennomført på ZOOM

## **Regionsmøte.**

Liv Kolskår og Kari Tesdal var på møte til Hordaland Bygdekvinnelag region 3 på Dagestadmuseet 13. okt. Her vart det diskutert kva dei enkelte laga i regionen hadde av aktivitetar. Det er nytig å møtast og ha eit samarbeid mellom dei ulike laga.

## **Kurs**

Styremedlemmer har delteke på kurs bla. i heimesidearbeid, studieforbundet – Kultur og tradisjon.

## **Haustfest Lystig 4H.**

Randi Serigstad Fenne og Liv Kolskår var med å dele ut skeier.

## **Inspirasjonsseminar på Lillehammer 5. til 7. nov.**

Styret hadde sendt inn forslag om Kristin Lemme som årets bygdekvinne. Den prisen skulle delast ut på inspirasjonsseminaret. Me var 8 damer frå laget som var der og fekk oppleva at Kristin vann prisen. Kristin og hennar medhjelpar Ragnhild Tennebekk Bjørke er begge medlemmer i BBK

## **Blomehelsingar til jubilantar**

Bjørgum Bygdekvinnelag har mange og engasjerte medlemmer, og det er me veldig stolte over.

No når pandemien er «avblåst» og normalen kjem tilbake vert det nok meir aktivitet og lettare å gjennomføra aktivitetar.

Me vil takka alle gode bygdekvinner som har vore med å gjort dette spesielle året til ein fin og kjekk opplevelse.

## **Takk!**